



Prosjektkoordinator Kristine Røyrvik med ansvar for planlegging og gjennomføring av Kvinnheradkonferansen 2019.

**Kristine Røyrvik med oppvekst og slekt i Uskedalen er prosjektkoordinator i Kvinnherad Næringssservice. Ho har vore primus motor bak Kvinnheradkonferansen med tema: Nettverk og samhold. Kristine vaks opp og gjekk på skule i Uskedalen. Familien med mor og far, Randi og Svein, flytta til Sunde i 1994.**

I samtale med Uskedalen.no framhevar ho bakgrunnen sin frå Uskedalen med oldemor, bestemor og tanta si som alle var handelsfolk og dreiv butikken Jacobine Haugland Eft. Oldemora Jacobine starta manufaktur- og moteforretning, handel og kafe i 1927. Bestemora Jenny ( Mollo ) held fram drifta og tanta hennar, Solveig, fører tradisjonen vidare.

Kristine er bevisst på at ho er ein del av denne tradisjonen då ho valde å ta utdanning innan marknedsføring og relasjonsleiing. Etter tre år på Oslo Markedshøgskule hadde ho arbeidet sitt i Oslo. Etter det var ho sju år i KappAhl, dei siste fire åra som prosjektleiars med ansvar for nyopningar og ombyggingar av butikklokale i heile landet.

Med si utdanning og erfaring på organisasjon og leiing bed ho oss tenkja stort og vera budde på nye strukturar og kjøpe endringar i tida. Kristine vil vera med i arbeidet for å leggja til rettes for nye næringar i Kvinnherad. Det er snakk om vekst og utvikling i ei tid med sterk Hydroubygging og ho oppmodar alle, bygdelag, einskildpersonar og verksemdar, om å vera med i denne utviklinga. Dersom du brenn for noko, kom og ver med og delta i arbeidet for å gjera kommunen og bygda di meir attraktiv.

Om lag 80 medlemsbedrifter er med i Kvinnherad Næringssservice. Uskedal Utvikling bør vera medlem. Slike bygdelag utgjer ein eigen kategori og betaler årleg kr. 1.250,- i medlemskap.

Kvinnheradkonferansen er nett avslutta då dette innlegget vert lagt ut. Vel blåst Kristine. Vi spør: Kva blir den neste store samlinga i Kvinnherad der vi møter den blide og engasjerte Kristine Røyrvik.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal